

# Strategi for Merkur 2020

---

## Forord

Distriktssenteret har vedtatt «Strategi 2020» som ein strategiplan for perioden 2016-20. Planen inneheld ein målplakat og tre satsingsområde som grunnlag for årlege handlingsplanar med konkrete tiltak og budsjett.

1.1. 2019 overtar Distriktssenteret ansvaret for Merkur-programmet. «Strategi for Merkur 2020» er eit tillegg til Distriktssenteret sin strategi og gir eit oversyn over mål og satsingsområde for Merkur-området for perioden 2019-20.

Når Distriktssenteret skal utarbeide ny strategi, vil den gjelde heile Distriktssenteret, inkludert Merkur-programmet.

## TILLEGG TIL MÅLPLAKAT

---

### Samfunnsoppdrag

Merkur-programmet er eit nasjonalt kompetanse- og utviklingsprogram for distriktsbutikkar (nærbutikkar og bokhandlar). Programmet arbeider for at daglegvarebutikkane kan få tilleggstenester som gir auka lønsemd i butikken og som gir innbyggjarane i lokalsamfunnet betre tenester.

### Visjon

Bygdeutvikling gjennom butikkutvikling.

### Mål

- Nærbutikkane byggjer opp kompetanse ved å delta i Merkur-programmet
- Nærbutikkane utviklar seg i samspel mellom butikken, lokalsamfunnet og kommunen
- Økonomisk støtte frå Merkur-programmet bidreg til attraktive nærbutikkar med god standard
- Nærbutikken tar ei rolle som lokal utviklingsaktør

### Målgrupper

Distriktsbutikkane skal få tilgang til den kunnskapen dei treng for å utvikle attraktive og vekstkraftige butikkar. Dei minste butikkane i dei mest perifere områda skal prioriterast.

### Samarbeidspartar

Vi samarbeider med butikk-kjedene for å få til eit best mogleg tilbod til distriktsbutikkane, både når det gjeld kompetansebygging og utvikling av støtteordningar.

Vi samarbeider med kommunane for å få til god lokalsamfunnsutvikling.

Vi samarbeider med aktørarar som er viktige for å realisere samfunnsoppdraget, t.d. Norsk Tipping, Bokhandlerforeningen mm

## SATSINGSOMRÅDE

### 1. Kompetanse for betre butikk- og bygdeutvikling

Merkur er eit nasjonalt kompetanseprogram som rettar seg mot mindre daglegvareforretningar i små lokalsamfunn, i tillegg til bokhandlar i distrikts-Norge. Butikkane får tilbod om eit grunnleggande kompetanseprogram, rådgiving og fagleg støtte frå autoriserte Merkur-konsulentar.

Merkur har bygd opp solid fagleg kompetanse på butikk- og bygdeutvikling gjennom mange års praksis og ved å kople erfarings- og forskingsbasert kunnskap. Vi utviklar vår kompetanse gjennom å utnytte medarbeidarane, herunder Merkur-konsulentane, sin særlege kunnskap om ulike fagområde, nettverk og formidling.

### 2. Økonomisk støtte som gir grunnlag for butikkvekst

Merkur forvaltar støtteordningar for distriktsbutikkar på vegne av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Støtteordningane er regulert gjennom forskrift.

Tilskotsordningane skal medverke til at daglegvarebutikkar i marginale marknader kan moderniserast og utviklast til å bli meir konkurransedyktige.

### 3. Integrering av Merkur i Distriktssenteret

Distriktssenteret overtek ansvaret for Merkur 1.1. 2019. Merkur skal bli ein del av Distriktssenteret, samtidig som Merkur skal bevare sin profil og eigenart som eit spissa verktøy for utvikling av distriktsbutikkar.

Ei viktig målsetting med omorganiseringa er å få til kunnskapsdeling. Det ligg eit potensiale i å kople verktøykassane til Merkur og Distriktssenteret.

### 4. Samarbeid mellom kommune og nærbutikk

Distriktssenteret vil arbeide for eit tettare samarbeid mellom nærbutikk og kommune, der butikken får ei rolle som nav i lokalsamfunnet og lokal utviklingsaktør. Erfaringane gjennom prosjektet «Kommunen og nærbutikken» skal formidlast til andre kommunar.

Merkur vil arbeide for å gjere kommunane kjent med det handlingsrommet dei har når det gjeld å leggje til rette for at nærbutikkar kan få offentlege innkjøp. Samanslåing av kommunar kan føre til endringar som opnar for nye løysingar der butikken får ei utvida rolle som kommunens forlenga arm i lokalsamfunnet.